



LINDÅS KOMMUNE
Felles postmottak Kvernhusmyrane 20
5914 ISDALSTØ

Dato: 18.08.2017
Vår ref.: 2017/3827-11
Saksbehandlar: hanengu
Dykkar ref.:

Fråsegn - offentleg ettersyn av endring av områdeplan for Lonelva - Juvikvarden - Lindås kommune

Vi viser til brev datert 30.06.2017 om høyring av forslag til endring av områderegulering for Lonelva-Juvikvarden. Hovudføremålet i planen er offentleg tenesteyting og er i samsvar med kommuneplan. Kommunen har vurdert at planen ikkje utløyser krav om konsekvensutgreiing.

Hordaland fylkeskommune vurderer reguleringsplanen ut i frå fylkeskommunens sektoransvar og målsettingar i regionale planar, i tillegg til oppstartmeldinga i brev av 15.5.2017.

For utfyllande planfaglege råd viser vi til internettssidene våre: www.hordaland.no/plan.

Vurdering

Kulturminne og kulturmiljø

Hordaland fylkeskommune har vurdert saka som regional styresmakt for kulturminnevern.

Vi har ingen merknader til reguleringsendring når det gjeld omsynet til kulturminneinteresser.

Areal- og transport

Planområdet ligg tett på regionsenteret Knarvik, og utvikling av offentlege tenester i dette området vil vere i tråd med mål i regionale planar. Formålet med endringane som no er på høyring er å betre trafikktihøva og gjere enklare og tryggare å ferdast for mjuke trafikantar. Hordaland fylkeskommune stiller seg positiv til dei endringane som er gjort, og særlig med tanke på at skolen og idrettsanlegget er viktige målpunkt for barn og unge. Det er eit riktig grep å ikkje etablere veg området mellom skole og barnehage, og i staden satse på trygge tilhøve for dei som sykler og går. Nasjonalt er det ei målsetting at 80 % av barn og unge skal gå eller sykle til skolen, og då må det vere trygt å ferdast til og fra.

Det er også viktig å sikre god tilkomst for mjuke trafikantar til og frå hovudvegnettet, særleg med tanke på dei kollektivreisande. Det går skolebuss i området, mens det ordinære busstilbodet ligg langs Rv 57 og E39. Kommunen har lagt tilrette med haldeplass like ved planområdet, med tanke på å eit ringbusstilbod når området ved Knarvik aust og Lonena vert utbygd. Korleis ein best mogleg skal leggje tilrette for eit attraktivt og effektivt kollektivtilbod i området må ein kome tilbake til. «Kollektivstrategi for Hordaland» konsentrerer seg generelt om å etablere eit godt tilbod langs eksisterande trasear og til det eksisterande kollektivtilbodet. Difor er det viktig å etablere effektive gang- og sykkelsaksar til haldeplassane.

Konklusjon

Hordaland fylkeskommune har ingen vesentlege merknader til planforslaget.

Eva Katrine R. Taule
fagleiar kommunal plan

Hans-Christian Engum
spesialrådgjevar

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor ingen underskrift.

Saksbehandlar:

Hans-Christian Engum, Seksjon for plan - REG AVD, REGIONALAVDELINGA

Monika Serafinska, fylkeskonservator – KULTUR- OG IDRETTSAVDELINGA

Gunhild Raddum, transportplanseksjonen, SAMFERDSELSAVDELINGA